



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 02.06.2010
Møtetid: 15:00 - 19:50
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 6, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Sture Tveit Sigmund Dyrhovden Gunnar Bruvik Bjørn Sævild	Roy Vegard Hope Sven Thore Kulleseid Jon Magne Bogevik

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann og leiar av teknisk eining

Merknader:

BKK v. Ivar Milde orienterte om energiutgreiing for Samnanger kommune Norconsult orienterte om arbeidet med strandsoneplan. Dei orienterte om metodikk og framdriftsplan. Utvalet vil få presentert eit første utkast til strandsoneplan for Samnanger i september 2010.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.06.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
024/10	10/287	Faste saker	
025/10	10/212	Byggjesak 2 naust gnr 24, bnr 270	
026/10	10/5	Byggjesak, generasjonsbustad gnr 24 bnr 9	
027/10	09/214	Delingssak Gnr 32 bnr. 6	
028/10	10/214	Delingssak gnr 34, bnr 207	
029/10	10/187	Delingssak gnr 24, bnr 22	
030/10	10/202	Delingssak gnr 23, bnr 3	

SAKNR. 024/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte om at leiar for teknisk eining har sagt opp stillinga si. Han vil fråtre stillinga si 1. september.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Utvalet sitt kvarter:

Jon Magne Bøgevik viste til diskusjonen i pressa m.m. om mykje ulovleg bygging i strandsona. Han ba om informasjon om korleis ein arbeidde med dette i Samnanger og kva naturutvalet tenkte om dette.

Leiaren orienterte om dei diskusjonane som har vore. Konklusjonen har vore at med den arbeidssituasjonen som har vore og er på teknisk vert dette området ikkje prioritert.

NAT-024/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 025/10

BYGGJESAK 2 NAUST GNR 24, BNR 270

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr.24 bnr.270 på Gjerde.

Naustet skal minimum plasserast 1 m frå nabogrense på begge sider og breidda på naustet skal tilpassast dette.

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-025/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for dobbelt naust på Gnr.24 bnr.270 på Gjerde.

Naustet skal minimum plasserast 1 m frå nabogrense på begge sider og breidda på naustet skal tilpassast dette.

SAKNR. 026/10

**BYGGESAK, GENERASJONSBUSTAD GNR 24 BNR 9 – KLAGE PÅ VEDTAK OM
KRAV OM TILKNYTING TIL KOMMUNAL VASSFORSYNING**

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet finn at det er så stor økonomisk kostnad for utbyggjar å knyta seg til off. vassforsyning at dei vil imøtekoma klagen frå søkjar.

NAT-026/10 VEDTAK:

Klagen frå søkjar vert imøtekomen.

SAKNR. 027/10

DELINGSSAK GNR 32 BNR. 6

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot deling i LNF-område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve løyve til å dela i frå ein parsell på 7.8 dekar med tilhøyrande tun på Gnr.32, Bnr.6 i Kvitingen i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad.

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta fylkesmannen sine merknader til kommunen sitt vedtak. Utvalet røysta samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-027/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot deling i LNF- område.

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve løyve til å dela i frå ein parsell på 7.8 dekar med tilhøyrande tun på Gnr.32, Bnr.6 i Kvitingen i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad.

SAKNR. 028/10

DELINGSSAK GNR 34, BNR 207

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for festetomt Gnr.34 Bnr. 207 med ein mindre grensejustering på ca.320 m².

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Olaug Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for festetomt Gnr.34 Bnr. 207. I kommuneplan er det sett krav om bebyggelsesplan for dette området. Inntil slik plan er utarbeidd vert det ikkje gjeve løyve til søknaden om ein mindre grensejustering.

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg til vedtak og framlegget frå Olaug Øystese. Utvalet røysta samrøystes for framlegget frå Øystese.

NAT-028/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve delingsløyve for festetomt Gnr.34 Bnr. 207. I kommuneplan er det sett krav om bebyggelsesplan for dette området. Inntil slik plan er utarbeidd vert det ikkje gjeve løyve til søknaden om ein mindre grensejustering.

SAKNR. 029/10

DELINGSSAK GNR 24, BNR 22

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve av parsell med påståande hytte på Gnr. 24, Bnr.22 ved Fitjavatnet på Gjerde.

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet røysta samrøystes for framlegg til vedtak.

NAT-029/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §63 vert det gjeve delingsløyve av parsell med påståande hytte på Gnr. 24, Bnr.22 ved Fitjavatnet på Gjerde.

SAKNR. 030/10

DELINGSSAK GNR 23, BNR 3

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

02.06.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet var på synfaring.

Utvalet gjekk samrøystes inn for å imøtekoma søknaden.

NAT-030/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 63 vert det gjeve løyve til å dela i frå ein parsell på Gnr.23, Bnr.3 på Lauvskar i Samnanger kommune.

